

[Nyhende](#) →

Henta inspirasjon frå amerikansk matematikar

– Det er veldig kult at så flinke folk kjem heilt til Eid for å ha slike samlingar, seier elevane ved Eid vidaregåande skule.



(F.v.) Tale Kolseth, Hanne Østvik, Jan Håvar Henden, Esekiel Henden, hal Schenck, Henrik Vingen Vedeld og Ingrid Marie Berg. FOTO: JOAKIM VEDVIK

[Joakim Vedvik](#)

Oppdatert: fredag 6. juni 2025 kl. 13:45

Onsdag denne veka fekk elevane som har valt fordjuping i matematikk ved Eid vidaregåande skule eit heilt spesielt djupdykk i faget.

I regi av Sophus Lie Realfagstad fekk dei vere med på ein såkalla «popular talk» med den amerikanske matematikaren Hal Schenck.



Hal Schenck fortel at han byrja med matematikk medan han var fallskjermssoldat, fordi han kjeda seg og ville bruke hovudet litt meir. **FOTO:** JOAKIM VEDVIK



Både elevar og lærarar følgde spent med på den amerikanske professoren. **FOTO:** JOAKIM VEDVIK

Samanlikna matte med fjellklatring


Samlinga fann stad på Fjordane Folkehøgskule der 38 matematikkproffesorar frå heile verda var samla til sin årlege matematikk-konferanse på Nordfjordeid for 31-året på rad.

Hal Schenck som heldt forelesinga for elevane formidla med høg entusiasme, og snakka mellom anna om Zenos paradoks og Cantors teori om ulike storleikar av uendeleghet.

– Eg håper elevane kan få ei kjensle av kor spennande matematikk kan vere. Det handlar ikkje berre om å lære formlar, men om å forstå verda på ein djupare måte, seier Schenck til Fjordabladet etter foredraget.

Han samanlikna det å løyse matematiske problem med fjellklatring.

– Nokre fjelltoppar krev slit og strev, andre har stiar du ikkje såg med ein gong. Men det handlar om å finne nye vegar og tenkemåtar. Det er det som gjer matematikk så givande, held han fram.



– Eg har vore i Tromsø og utanfor Oslo før, men aldri her. Eg enda opp med å ta buss hit frå Oslo, og kvar gong vi køyrde forbi eit fjell ville eg berre hoppe av og klatre opp, fortel Hal Schenck og ler. **FOTO:** JOAKIM VEDVIK

Inspirerande

For elevane var det både spennande og lærerikt å vere til stades – sjølv om foredraget tidvis låg på eit høgt fagleg nivå.

– Det er veldig kult at så flinke folk kjem heilt til Eid for å ha slike samlingar. Nokre av dei engelske uttrykka var litt vanskelege, men det var inspirerande å følge tankegangen hans, seier elevane Tale Kolseth, Esekiel Henden og Henrik Vingen Vedeld.

Dei opplevde å få eit djupare innblikk i fleire tema dei alt har vore innom i undervisninga på skulen.



Elevane følgde spent med då Hal Schenck formidla avansert matematikk med både entusiasme og humor. **FOTO:** JOAKIM VEDVIK

– Unikt møte

– Det er veldig kjekt å få ei slik tilknyting mellom den internasjonale konferansen og elevane våre. Det gir dei eit heilt unikt møte med både faget og forskinga, seier Hanne Østvik og Ingrid Marie Berg, lærarar ved Eid vidaregåande skule.

Dei håpar at slike foredrag kan bidra til å styrke interessa for realfag og matematikk blant elevane.

– Her får dei ei ny forståing og ser samanhengar på eit djupare nivå. Det gir fagleg utvikling og opnar for nye måtar å tenkje på, legg dei til.

$\omega_1 = .a_{21}a_{22}a_{23}\dots$

$\omega_3 = .a_{31}a_{32}a_{33}\dots$

Put $c_i = 1$ if $a_{ii} \neq 1$, and 2 if $a_{ii} = 1$

□ Define $c = .c_1c_2c_3\dots$ is not in the list above, because

□ $c \neq f(1), c \neq f(2), c \neq f(3)\dots$



Til slutt fekk Hal Schenck overrekt både handlenett og t-skjorte med Sophus Lie-logo som takk for det engasjerande